

NOTAT

Til: Styringsgruppa
Frå: Sekretariatet
Kopi: [Fyll inn]

Vedlegg nr. 6

Saksbehandlar/telefon:
Kari Gåsemyr / 957 68 004
Vår dato: 20.03.2026

Sak 15/26 Overgang til reforhandla byvekstvtale - spørsmål til avklaring

Prioriteringsrådet har i to møte (26.januar og 20.februar 2026) drøfta tema som dei meiner det er viktig å be staten ved Samferdselsdepartementet og Kommunaldepartementet å avklare, eventuelt i politisk styringsgruppemøte om avklaringar ikkje kjem før dette.¹ I denne saka summerer sekretariatet opp dei utfordringane som har blitt peika på.

Eit hovudspørsmål, som gjaldt **tidspunkt for forhandlingane**, har Samferdselsdepartementet no svara på: 5. mars 2026 fekk partane brev frå Samferdselsdepartementet der det går fram at reforhandlinga for ny byvekstvtale vil starte opp tidlegast våren 2027, det vil sei når reguleringsplanen for bybanen er vedteken og ny ekstern kvalitetssikring for heile prosjektet er gjennomført. Departementet opplyser samtidig at dei har ein ambisjon om å vere ferdig med reforhandlingar i vårt byområde innan gjeldande avtaleperiode går ut i 2029.

Det andre hovudspørsmålet prioriteringsrådet har hatt er ***i kva omfang partane kan planlegge prosjekt for i perioden etter 2029, i ein situasjon der eksisterande avtale ikkje er reforhandla.***

I Miljøløftet blir det planlagt prosjekt med aktivitet også etter noverande byvekstvtaleperiode (ut 2029), og i eit omfang som går godt ut over gjestående ramme i gjeldande avtale. Dette bidreg til å sikre kontinuitet i prosjekt som skal bidra til nullvekstmålet.

Prosjekta som blir finansierte over post 30 er ofte omfattande og tids- og kostnadskrevjande frå planlegging til slutføring. Det er derfor krevjande å planlegge for nye prosjekt no når det er få år igjen av avtaleperioden. Det er i tillegg utfordrande å halde oppe kontinuitet og planlegge for prosjektaktivitet som strekker seg ut over avtaleperioden, når rammene for finansieringa i overgangsfasen ikkje er avklara.

¹ Prioriteringsrådet konkluderte slik i sitt møte 20.2.2026:

Prioriteringsrådet meiner det er viktig at staten ved Samferdselsdepartementet og Kommunaldepartementet gir nærare avklaringar knytt til overgangen til reforhandla byvekstvtale.

Vi ber om å få avklart:

- Når vi kan få informasjon om når reforhandlinga vil starte opp*
- I kva omfang partane kan planlegge prosjekt for i perioden etter 2029, i ein situasjon der eksisterande avtale ikkje er reforhandla*

Om det ikkje kjem avklaringar på spørsmåla på førehand, blir saka lagt fram for styringsgruppa 27. mars. Det blir etter dette lagt opp til at saka bli løfta til politisk styringsgruppemøte.

Avklaring knytt til rammer, i god tid før arbeidet med neste handlingsprogram (HP28-29) startar opp, er derfor viktig for å sikre realistisk planlegging og tilpassa ressursbruk.

Under gjer vi nærmare greie for handlingsrom i eksisterande avtale og planlagde prosjekt framover, utfordringane partane opplever i overgangen mellom eksisterande og framtidig avtale, og kvifor avklaring er ønskt no.

Handlingsrom i eksisterande avtale og planlagde prosjekt framover

Status for handlingsrommet knytt til post 30-midlane er som følgjer per februar 2026:

- Tre kommunar har **totalt tilgjengeleg 517 mill.** som det ikkje er lagt planar for i avtaleperioden (altså innan 2029), medan to kommunar har planlagt prosjekt for totalt 78 mill. meir enn dei har tilgjengeleg i avtalen. Sjå vedlegg 6 a for oversikt over tildelingar i avtaleperioden frå 2019 til og med 2026. I dette vedlegget går det fram at Miljøløftet gjennom heile avtaleperioden har fått lågare statlege løyvingar enn det som har vore planlagt aktivitet i handlingsprogramma, med unntak av eitt år.
- Det er planlagt prosjektaktivitet for **om lag 1,7 mrd. etter 2029**, noko som viser at partane har planar for prosjekt som skal bidra til nullvekstmålet også utover avtaleperioden.
- Alle prosjekt med **oppstart før eller i 2027 er planlagt ferdigstilt innan 2029**, med unntak av to prosjekt som har eit restbehov på 12 mill. etter 2029.

Utfordringar knytt til prosjektplanlegging når avtaleperioden går mot slutten

Gjennomføringsperiodar

I prioriteringsrådet har det blitt peika på at det blir **krevjande å planlegge for stadig kortare gjennomføringsperiodar** for prosjekt etter kvart som avtaleperioden går mot slutten, utan garantiar for vidareføring av prosjekt. Prosjekta skal både planleggjast og prosjekterast før dei kan starte opp med finansiering i Miljøløftet. Dette er arbeid som særleg for store prosjekt tek lang tid.

Bruk av midlar etter avtaleperioden

Det har vidare blitt vist til at det **må avklarast om midlar knytt til avtalen kan nyttast også etter avtaleperioden**, dersom prosjekt har fått tildeling i statsbudsjettet og dermed blir bundne. Dette er viktig å få avklart fordi mange prosjekt har restbehov etter 2029.

Etter det sekretariatet får opplyst, er det ein etablert praksis at prosjekt som har fått løyving over statsbudsjettet, blir fullfinansierte. Dette gjeld sjølv om gjennomføringa av prosjektet strekker seg ut over avtaleperioden for byvekstavtalen, i vårt tilfelle ut over 2029.

Sekretariatet har også fått opplyst at det ved førre forhandling i vår region, blei nytt avtalebeløp gjeldande frå oppstart av ny avtale, medan unytta midlar frå den tidlegare avtalen blei stroke. Korleis eventuelle gjenståande beløp frå gjeldande avtale skal bli tatt omsyn til, vil likevel vere del av forhandlingane i samband med at ny avtale blir inngått.

Størrelsen på ramma

Det er til no **ikkje avklart om prosjekt som blir spelt inn til statsbudsjettet med finansieringsbehov ut over 2029, må halde seg innanfor ramma gitt i gjeldande byvekstavtale**. Om dette spørsmålet ikkje blir avklara, vil partane påta seg ein risiko ved å halde fram med planlegging av nye prosjekt.

Statens vegvesen sitt standpunkt

Sekretariatet har fått opplyst at følgjande representerer Statens vegvesen sitt standpunkt :

«(...)

Vi kan ikke foregripe mandater, økonomiske rammer eller resultat av forhandlingene.

Gjenstående ubenyttet ramme ift. dagens avtale kan legges inn i årene etter dagens avtaleperiode. Handlingsprogrammet bør vise realistisk framdrift.

Dersom det legges inn statlige midler utover det som ligger i dagens avtale må det gjøres helt tydelig i handlingsprogrammene at dette er statlige midler som ikke er en del av gjeldende byvekstavtale og at disse midlene ikke vil bli avklart før avtalen er reforhandlet

(...)

Kvifor treng vi avklaring no?

Staten har som nemnt over signalisert at dei har ein ambisjon om å vere ferdig med reforhandlingar i vårt byområde innan gjeldande avtaleperiode går ut i 2029. Det er samtidig signalisert at reforhandlinga for ny byvekstavtale vil starte opp tidlegast våren 2027, det vil sei når reguleringsplanen for bybanen er vedteken og ny ekstern kvalitetssikring for heile prosjektet er gjennomført. Det er vanskeleg å på førehand vite kor lang tid reforhandling av avtalen vil ta. Denne tidsplanen tilseier uansett at ny avtale ikkje er på plass før neste handlingsprogram skal utarbeidast. Som nemnt over er det for handlingsprogram 2027-2029 i hovudsak ikkje meldt inn prosjekt med oppstart i 2027 som har behov for midlar etter 2029. Det er likevel **ønskjeleg å få på plass avklaringar knytt til finansiering framover før arbeidet med neste handlingsprogram startar opp, fordi prosjekt med oppstart i 2028 har restbehov etter 2029.**

Om ein legg opp til en praksis slik Statens vegvesen foreslår, der eventuelle prosjekt utanfor ramma i eksisterande avtale blir spesifisert, gir dette likevel ikkje ein føreseieleg situasjon for partane med omsyn til om planlagde prosjekt vil kunne få finansiering. **Partane har behov for å vite i kva omfang slike prosjekt vil bli finansiert, for å kunne bruke egne planleggingsressursar på ein hensiktsmessig måte.**

Med utgangspunkt i dei utfordringane som er omtala over foreslår sekretariatet følgjande vedtak for styringsgruppa i Miljøløftet:

Forslag til vedtak:

Styringsgruppa ber om at staten ved Samferdselsdepartementet og Kommunaldepartementet gir nærare avklaringar knytt til overgangen til reforhandla byvekstavtale i politisk styringsgruppemøte 14. april.

Styringsgruppa ber om å få avklart i kva omfang partane kan planlegge prosjekt for perioden etter 2029, i ein situasjon der eksisterande avtale ikkje er reforhandla.